



## Retningslinjer for besøk ved Hornindal Omsorgssenter

### Oppdaterte retningslinjer per 03.08.20

Den overordna målsettinga er fortsatt å unngå at det kjem smitte med SARS-Cov-2 inn i institusjonar. [Sjå Helsedirektoratet](#). Volda kommune følgjer oppdaterte reiseråd frå Folkehelseinstituttet etter at det er opna for reise til land og regionar utanfor Norden. Eit av desse gjeld pårørande som vil på besøk på institusjon.

**Pårørande som har vore i «grøne» land / regionar utanfor Norden og raude delar av Sverige og vil på besøk på institusjon, må vente i 10 dagar etter heimkomst før besøk. Eventuelt må dei ha ein nyare negativ koronatest.**

Smittesituasjonen lokalt og regionalt er oversiktleg med siste rapporterte tilfelle frå 11 mai 20 i Volda. Det har heller ikkje vore påvist smitte hjå bebuarar eller tilsette ved kommunen sine sjukeheimar.

Det er opna opp for bilturar og besøk heim om det vurderast som viktig for den einskilde bebuar. Vi ønsker vidare at besøka skal avtalast seinast dagen før.

Ytterdører vil framleis vera låste då vi må ha streng besøkskontroll for å redusere risiko for Covid-19 infeksjon i institusjonane.

*Dersom lokal smittesituasjon endrar seg kan disse reglane verte endra.*

### **Vi oppmodar framleis om flest mogleg besøk ute!**

1. Besøket skal skje ute eller på rommet til bebuaren. De kan gå tur i lag ute rundt sjukeheimen eller ta ein biltur, men ikkje vere i fellesareala på sjukeheimen.
2. Du må avtale besøket i god tid på førehand, seinast dagen før.
3. Du må vere frisk når du kjem.
4. Ha god handhygiene og unngå å klemme.
5. Hald ein meters avstand.
6. Bebuaren bør ha få på besøk om gongen.
7. Besøk skal helst vere korte i tråd med nasjonale retningslinjer.
8. Besøktider er satt opp i tråd med planlagde aktivitetar og rutinar i bugruppene. Vi tilrår at ein bestiller besøk i dei oppsette tidsroma. Det kan gjerast individuelle tilpassingar i særskilde høve. (Ta då kontakt med seksjonsleiar man-fre mellom kl 9-14)

**BESØKSTIDER : Dagleg : kl 10 + 10.30 + 17.00 + 17.30 + 18.00**

Elvakrokjen 57879883 - Inngang veranda frå Sansehagen

Utsikta 57879880- Inngang branddør ved 202 til venstre for hovudinngang

Årestova 57879881- Inngang frå veranda til kvart enkelt rom

03.08.20, Ingunn Gjengedal

Assisterande kommunalsjef